



Sak: 25/3351
JournalpostID: 26/39299
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 25.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.09.2026

Utkast til samferdselsstrategi for Region Fjordane - del 1

Bakgrunn for saka:

Region Fjordane har historisk vore varsam med å etablere eit felles strategidokument for samferdsel og med å samle regionen om konkrete prioriteringar. Mot slutten av 2025 vart det semje om at tida var moden for å utvikle eit felles Samferdselsløft for Fjordane, med mål om å styrke regionen si samla stemme og arbeide meir strategisk med samferdselspolitiske prioriteringar.

Arbeidet har så langt vore gjennom ein drøftings- og kartleggingsfase, der hovudvekta har vore på vegprosjekt som er prioriterte eller aktuelle i samband med Nasjonal transportplan. Kommunane har orientert om aktuelle prosjekt, status, utfordringar og vidare behov. Dette har gitt regionrådet eit felles kunnskapsgrunnlag og betre forståing av kvar dei ulike prosjekta står.

Neste steg er å gå frå kartlegging til meir målretta oppfølging av prosjekt og bidra til framdrift og realisering og dette vil vere hovudfokus i denne saka.

Parallelt skal regionen førebu arbeidet med rullering av NTP og nye prioriteringar. Etter kvart bør Samferdselsløftet utvidast til også å omfatte ei meir systematisk vurdering av viktige prosjekt på det regionale vegnettet. Difor vert denne saka omtalt som del 1 av samferdselsstrategien.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Regionrådet tek orienteringa til vitande og drøftar vegen vidare for ein felles samferdselsstrategi.

Saksopplysningar:

Planporteføljen for prosjekt over 1 milliard – nasjonale vegprosjekt i Fjordane

I planporteføljen for NTP 2025–2036 er fire større vegprosjekt i Fjordane synleggjorde. Prosjekta har ulik karakter, modenheit og plassering i porteføljen, og vil difor ha behov for ulik oppfølging framover.

E39 Storehaugen–Førde er høgast prioritert av prosjekta frå Fjordane og ligg som nummer 4 i den oppdaterte planporteføljen. Prosjektet har ein kostnadsprognose på om lag 4,2 mrd. kroner. Prosjektet er kome langt i planlegginga, og den viktigaste oppgåva framover er å sikre finansiering og oppstart. Dette gjer prosjektet særleg aktuelt i arbeidet inn mot statsbudsjettet for 2027.

Rv. 15 Strynefjellet er rangert som nummer 11, med ein kostnadsprognose på om lag 6,2 mrd. kroner. Prosjektet har ei anna modenheit enn Storehaugen–Førde, og arbeidet framover må i større grad vere retta mot å utvikle prosjektet vidare og sikre at det held posisjonen sin fram mot komande NTP-rullering og seinare realisering.

Dei to andre Fjordane-prosjekta i oversikta er **E39 Klakegg–Byrkjelo**, rangert som nummer 23, og **Rv. 5 Erdal–Naustdal**, rangert som nummer 24. Desse er knytte til skredsikring, og må difor sjåast i samheng med prioritering og finansiering av skredsikringstiltak. Kostnadsprognosane er høvesvis om lag 2,1 og 3,6 mrd. kroner.

Oversikta viser at Fjordane har fleire prosjekt inne i den nasjonale planporteføljen, men at dei står på ulike stadium og følgjer ulike løp fram mot realisering. Dette er eit viktig utgangspunkt for å vurdere kva type innsats og påverknadsarbeid Region Fjordane bør prioritere for kvart av prosjekta.

Planporteføljen NTP 2025-2036

Netto nytte per budsjettkrone

Investeringskostnad

Korridor	Prosjekt	Prioritet-forslag mars 2025	Modenhet	NNB	NNV fra NTP 2025-2036, mill. 2026-4	NNV mars 2025, mill. 2026-4	Endring: NNV fra NTP, mill. 2026-4	Prognose, mill. 2026-2036	Kostnad NTP, mill. 2026-2036	Endring fra NTP, mill. 2026-4	Samlet vurdering	Tyngste virkning (kun stor neg. konsekvens)	Samfunns- sikkerhet og beredsk.	Etterspørsel	Teknologi
5	E16 Hylland-Stem ¹	1	●	-0,8	-1 892	-1 901	-9	2 653	2 653	0	0	0	0	Robust	Robust
8	Rv. 94 Saragammen-Rypefjord	2	●	-1,2	-1 117	-1 136	-19	1 179	1 179	0	0	0	0	Robust	Robust
3	E39 Smiene-Harestad	3	●	-0,1	322	-325	-647	4 843	4 843	0	0	0	0	Robust	Robust
3	E39 Faggo-Ålgård	4	●	-0,7	-2 030	-2 297	-266	3 312	3 312	0	0	0	0	Robust	Robust
4	E39 Storehaugen-Førde	5	●	-0,6	-1 786	-2 121	-335	4 147	4 147	0	0	0	0	Robust	Robust
5	Rv. 7 Øygenska-Kittvik	6	●	-2,7	-1 966	-1 900	66	2 054	2 054	0	0	0	0	Robust	Robust
1	Rv. 22 Glommalryssing	7	●	-0,5	-474	-1 376	-902	4 152	4 152	0	0	0	0	Robust	Robust
8	E10 Nappstraumen-Å	8	●	-0,3	-167	-323	-157	1 630	1 630	0	0	0	0	Robust	Robust
4	E39 Bjerkese-Åstad	9	●	-0,8	-629	-1 396	-767	2 010	1 279	731	0	0	0	Robust	Robust
8	E6 Olderdalen-Langslett	10	●	-0,6	-746	-746	-746	1 747	1 747	0	0	0	0	Robust	Robust
6	Rv. 15 Strynefjell	11	●	-0,9	-4 226	-4 626	-400	6 208	6 208	0	0	0	0	Robust	Robust
8	E6 Sommeret-Merivikbott	12	●	-0,7	-3 541	-4 153	-612	7 533	7 533	0	0	0	0	Robust	Robust
3	Rv. 291 Holmenbusa	13	●	-1,1	-1 089	-1 091	-2	1 330	1 330	0	0	0	0	Robust	Robust
3	E134 Diagslett-E18	14	●	-0,4	-775	-1 569	-793	6 413	6 254	110	0	0	0	Robust	Robust
5	E134 Saggienda-Elgsjø	15	●	-0,5	-405	-538	-133	3 054	3 054	0	0	0	0	Robust	Robust
2	E16 Nymoen-Eggemoen	16	●	-0,5	-670	-834	-164	2 220	2 220	0	0	0	0	Robust	Robust
4	E39 Vågsbotn-Klauvaneset	17	●	-0,6	-2 240	-4 332	-2 093	9 290	7 237	2 053	0	0	0	Robust	Robust
6	E6 Unnviågskaret	18	●	-0,7	-1 309	-1 309	-131	2 037	2 037	0	0	0	0	Robust	Robust
6	E6 Nordjostbotn-Hatteng	19	●	-0,8	-1 066	-1 066	-131	1 747	1 747	0	0	0	0	Robust	Robust
7	E6 Sorelva-Borkamo	20	●	-0,9	-1 009	-1 009	-131	1 529	1 529	0	0	0	0	Robust	Robust
8	E6 Høybukt-Hesseng	21	●	-1,0	-1 056	-1 069	-13	1 501	1 501	0	0	0	0	Robust	Robust
4	E39 Volda-Furene	22	●	-1,0	-1 479	-1 578	-99	2 310	2 310	0	0	0	0	Robust	Robust
4	E39 Klakegg-Byrkjelo	23	●	-1,0	-1 427	-1 795	-368	2 054	2 054	0	0	0	0	Robust	Robust
5	Rv. 5 Erdal-Naustdal	24	●	-1,0	-2 317	-2 785	-467	3 575	3 575	0	0	0	0	Robust	Robust
8	E39 Fylgessamværen Tromsø inkl. F2-lenka	25	●	-1,0	-2 273	-2 334	-61	2 940	2 940	0	0	0	0	Robust	Robust
5	E134 Bakka-Mo	26	●	-1,1	-1 945	-2 004	-60	2 455	2 455	0	0	0	0	Robust	Robust
6	Rv. 4 Grua-Roa	27	●	-1,2	-1 256	-1 204	52	1 823	1 823	0	0	0	0	Robust	Robust
2	E18 Retvet-Vinterbro	28	●	-1,2	-7 995	-8 213	-218	10 736	10 736	0	0	0	0	Robust	Robust
3	Rv. 19 Moss	29	●	-1,8	-3 246	-3 246	-324	5 467	5 467	0	0	0	0	Robust	Robust

Sikre framdrift i prosjekt som er komme i prioritet

Det vert arbeidd på ulike måtar for å sikre framdrift i dei prioriterte samferdselsprosjekta. For Rv. 15 Strynefjellet har Gode Vegar ei sentral rolle som pådrivar, medan det for E39 er etablert eit eige kontaktutval for vertskommunane, med Vestland fylkeskommune som sekretariat.

E39 Storehaugen–Førde er no i ein fase der det er avgjerande å sikre nødvendig finansiering og framdrift. Ordføraren i Sunnfjord har teke initiativ til ei eiga innsatsgruppe, og Region Fjordane bidreg inn i dette arbeidet. Dette er eit døme på korleis regionrådet kan bruke si politiske og geografiske tyngd til å støtte opp om eit prioritert prosjekt når det er behov for ein særleg innsats.

Regionrådet bør ikkje etablere parallelle strukturar der det allereie finst etablerte samarbeid, men vurdere kvar den regionale innsatsen kan gi meirverdi.

Aktuelle oppgåver for Region Fjordane kan vere:

- **Politisk forankring:** sikre at kommunane kjenner status og står samla bak prosjekt som krev regional støtte.
- **Mobilisering:** bidra til å samle næringsliv, organisasjonar og andre relevante aktørar når det er behov for å vise breidda i støtta til eit prosjekt.
- **Politisk påverknad:** bruke regionrådet sine politiske kontaktflater mot fylkeskommunen, regjeringa og Stortinget i avgjerande fasar.
- **Koordinering av budskap:** bidra til at kommunar og samarbeidspartnarar formidlar eit tydeleg og mest mogleg samla budskap om behov, prioriteringar og framdrift.
- **Følgje status og kritiske milepålar:** ha oversikt over kva som må skje vidare i prosjekta, og identifisere tidspunkt der regional innsats kan ha effekt.
- **Særskild innsats ved behov:** kunne mobilisere raskt når eit prioritert prosjekt står framfor avgjerder om til dømes finansiering, planavklaringar eller oppstart.

På denne måten kan Samferdselsløftet også bli eit verktøy for å avklare når Region Fjordane skal engasjere seg, og kva rolle regionrådet skal ta i dei ulike fasane fram mot realisering av eit prosjekt.

Mindre tiltak – sikre prioritering i Statens vegvesen sine gjennomføringsplanar

I tillegg til dei store prosjekta som vert prioriterte gjennom NTP, er det ei rekkje mindre tiltak på riksvegnettet som kan gjennomførast innanfor Statens vegvesen sine årlege rammer og gjennomføringsplanar. Desse vert normalt ikkje omtala særskilt i NTP, men kan vere viktige for trafikktryggleik, framkome og utvikling av ein meir samanhengande standard på vegnettet.

På E39 arbeider kontaktutvalet mellom anna med utbetringar på Gullkista, Jarbru–Eide, breiddeutviding Moskog–Vassenden, kryssområda Bruland–Moskog og Jølstraholmen og gang- og sykkelveg Kusslia–Moskog. Dette illustrerer at arbeidet med samferdsel ikkje berre handlar om dei store investeringsprosjekta, men også om å sikre framdrift i mindre tiltak og flaskehalsar på eksisterande vegnett.

For slike prosjekt bør det vere kommunen der tiltaket ligg som tek initiativ og har hovudansvaret for å følgje opp behovet. Regionrådet si rolle bør vere å støtte og forsterke dette arbeidet der regional medverknad kan bidra til framdrift eller større gjennomslag.

Det er samstundes behov for betre kunnskap om korleis Statens vegvesen prioriterer mellom mindre tiltak innanfor områdetildelinga, kva kriterium som vert lagde til grunn og når dei ulike prioriteringane vert gjorde. Dette vil vere viktig for å kunne innrette påverknadsarbeidet mot dei rette prosessane og på rett tidspunkt.

Aktuelle oppgåver for Region Fjordane kan vere:

- skaffe oversikt over korleis Statens vegvesen prioriterer tiltak innanfor områdetildelinga og gjennomføringsplanane
- etablere jamleg dialog med Statens vegvesen om prioriteringar, framdrift og komande prosessar
- ha oversikt over mindre riksvegprosjekt som kommunane arbeider med, og kva status desse har

- støtte kommunen sitt påverknadsarbeid når eit prosjekt har regional betydning eller står framfor ei viktig avgjerd
- bidra med politisk forankring og kontakt mot fylkeskommunale og statlege aktørar når dette kan styrke saka
- bidra til å koordinere innsatsen når fleire kommunar har felles interesser knytt til ei strekning eller eit tiltak